



Sykkylven kommune

Arkiv: FA-L13
JournalpostID: 23/11042
Saksbehandlar: Arild Sunde Rinnan
Dato: 23.08.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-34/23	Nærings- og utviklingsutvalet	04.09.2023

17/451 - Mogleg reguleringsarbeid på næringsareal på Vik. Avklaring av behov for rundkøyring avsett i kommunedelplan

Kommunedirektørens sitt framlegg til vedtak

Ingen framlegg til vedtak. Kan eventuelt utformast på møtet.

Nærings- og utviklingsutvalet - 34/23

NU - behandling:

Nærings- og utviklingsutvalet drøfta seg fram til slikt samrøystes vedtak:

NU er positiv til at ein regulerer bort rundkøyring til fordel for å utrede til evt. Næringsareal og utbygging.

NUVedtak:

NU er positiv til at ein regulerer bort rundkøyring til fordel for å utrede til evt. Næringsareal og utbygging.

Bakgrunn for saka

Brødrene Aursnes As er i ein utgreiingsfase om å sette i gang eit planarbeid på næringsområdet på eigedomen gnr.17 bnr.451 (17/451) på Vik. Eigedomen ligg inn mot det etablerte området til Circle K og Sykkylven bil. På og inn mot eigedomen er det i kommunedelplanen for Sentrum-Ikornnes planlagt ei rundkøyring med tilknytta avkøyrslar/vegar. Om denne rundkøyringa blir ein realitet slik den ligg i kommunedelplanen så vil denne mest truleg krevje så stort areal at den vil vanskeliggjer ei vesentleg utnytting av 17/451 til næring. Administrasjonen ønskjer at NU drøfter om det kan vere grunnlag for å regulere bort rundkøyringa slik den er planlagt i kommuneplanen.

Saksopplysningar og vurdering

Den aktuelle rundkøyringa kom inn som eit forslag ved 1.gongs offentleg ettersyn frå Arild Solberg. Den vart foreslått for å betre tilkomst til næringsområde på begge sider av fylkesvegen. Kommunen sine vurderingane rundt innspelet var at forslaget vart tatt inn i planen, grunna at dagens aktivitet og vidare utbygging av ledig areal kan gi auka trafikk og større trafikale utfordringar med dagens kryssløysingar. Ei skisse av mogleg rundkøyringsløyser er laga av Solberg, utan at kommunen kan bekrefte at denne er teikna etter Statens vegvesen sin standard. På denne skissa så utnyttar ein ledig areal på begge sider av fylkesvegen og legg opp til ei 5-arma rundkøyring som gir ny tilkomst for etablert næringsområde i vest, ein tilkomst til ubebygd næringsområde på gnr.17 bnr.6 (17/6), og ein ny tverrforbindelse mellom fylkesvegen og Kyrkjevegen (over 17/451).



Skisse i merknad sendt inn av Arild Solberg i samband med kommunedelplanprosessen

Etter rundkøyringa kom inn i kommunedelplanen har ikkje kommunen hørt om nokon planar om å få realisert rundkøyringa. Med potensielt 5 armar vil den vere omfattande og arealkrevjande. Det er ikkje å tru at denne rundkøyringa vil bli prioritert regulert/bygd av fylkeskommunen i føreseieleg framtid. Sannsynet for eit privat initiativ til bygging av rundkøyringa må ein sjå opp mot ein potensiell høg kostnad. Ein må også vurdere det faktiske behovet for denne rundkøyringa i framtida. Statens vegvesen har i sine merknader til rundkøyringsforslaget i 2019 sagt at løysinga konkret må vurderast og avklarast gjennom ein reguleringsprosess. Kommunen har presisert ovanfor Statens vegvesen i kommuneplanprosessen at rundkøyringsløyseringa er retningsgjevande. Dette kan tyde på at plassering og om realiseringa av rundkøyringa skal skje, måtte avgjerast i ein prosess etter kommunedelplanen.

No er det interesse om å utnytte delar av området som er tiltenkt rundkøyring på 17/451 til lager/industri. Det er skissert lager og produksjonshall samt utvida biloppstillingslass for Sykkylven Bil. Sidan det på område både må gjerast arkeologisk registrering og grunnundersøkingar, så ønskjer forslagsstillar å få signal frå kommunen og politikarane på eit tidleg stadie om det kan vere aktuelt i den kommande reguleringsprosessen å regulere bort moglegheit for rundkøyringa og nytte området på 17/451 i sin heilheit til næringsverksemd.

Med dagens situasjon vurderer administrasjonen at området vest for fylkesvegen har ei godkjent og opparbeida løysing som ser ut til å fungere. Det er i dag ein tverrforbindelse mellom fylkesvegen og Kyrkjevegen nord for Circle K. Næringsområdet på 17/451 kan få ein tilkomst frå Kyrkjevegen. Dette

kan også vere ein moglegheit for næringsområdet på 17/6, eller tilkomst frå Øyravegen. Om fylkeskommunen godkjenner det kan også ei avkøyrslø direkte frå fylkesvegen vere ein moglegheit her, men det er noko som må avgjerast i ei framtidig regulering av det området.

Brødrenen Aursnes As har fått utarbeida illustrasjonar for mogleg utnytting av området som ligg vedlagt saka.

Økonomiske konsekvensar

Ingen kjente negative økonomiske konsekvenser for kommunen med å regulere bort rundkøyringa.

Bente Glomset Vikhagen
kommunedirektør

Bjarte Hovland
avdelingsleiar tekniske tenester

Vedlegg:

Lokalisering av området gnr.17 bnr.451

Forespørsel om utnytting av gnr.17 bnr.451 til industri og lager for Brødrene Aursnes

17/451 - Illustrasjonar

Utsnitt kommunedelplan

Vurdering av merknad frå Arild Solberg 1. gongs høyring

Fråsegn - Kommunedelplan sentrum - Ikornnes frå Statens vegvesen